



NVE - Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Ivar Oppheim

Vår ref.:
1198861 Rev 2

Vår dato:
23. august 2013

**Søknad om å byggje Litlevatnet kraftverk i Flora kommune —
Kommentarar frå utbyggjar (SFE produksjon AS) til høyringsfråsegner,
og utbyggjar sine forslag til endringar i søknaden.**

NVE har i samband med SFE Produksjon AS sin søknad om å byggje Litlevatnet kraftverk i Flora kommune motteke høyringsfråsegn frå interesserte lista i Tabell 1.

SFE Produksjon har i denne uttala forsøkt kommentere alle innkomne fråsegner. Det kjem lite nye moment fram i fråsegnene og dei tema som er kommentert er allereie nemnde i søknaden med fagrapportar. Vi foreslår difor ingen endringar på innsend søknad.

Vårt syn er at dei utfordringane som vert påpeika er mogleg å løyse gjennom avbøtande tiltak, og at fordelane med utbygginga er større enn ulempene. SFE Produksjon vil òg understreke at ein i samanlikning med det tidlegare omsøkte Pollen kraftverk her har redusert inngrepa betydeleg, og at miljøomsyn har vore ei føresetnad i arbeidet med søknaden. Mellom anna er vassvegane stort sett bygde i fjell for å hindre synlege røyrgrater. I flaumperiodane vil det visuelle vere lite endra i dei mektige fossane.

For å redusere den totale miljøbelastninga har vi trekt søknaden om Myrbærdalen kraftverk.

Vi har i dette dokumentet svart på desse momenta:

- Kulturminner
- Omlaupsventil
- Kunstig vandringshinder for anadrom fisk
- Stasjonsplassering
- Utrekning av 5-percentil
- Standard på miljøundersøkingar
- Vassnivå i Litlevatnet

Ola Lingaas
Produksjonsdirektør

Øyvind Huus
Prosjektsjef

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Kundesenter: 57 88 47 47
E-post: post@sf.no

Heimeside: www.sfe.no
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 5083 05 50507

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 5083 05 50914
Besøksadr. Hamregata 1,
Flora

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 5083 05 50892

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 5083 05 50531

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 1503 14.15109
Besøksadr.: Svelgen

1.1 Flora kommune

Dato: 18.06.2013, kapittel 3.

Vi registrerer at Flora kommune vurderer fordelane som større enn ulempene for utbygging av Litlevatnet kraftverk.

1.2 Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Dato: 27.06.2013, Sak nr.: 13/2435-8

Fylkeskommunen påpeiker i sitt fråsegn at SFE Produksjon AS er «...den som har gjort dei mest omfattande vurderingane av sumverknadene, m.a. for tema biologisk mangfald inkl. terrestrisk og akvatisk miljø, INON, landskap og brukarinteresser.»

Litlevatnet kraftverk:

- Fylkesrådmannen påpeiker at det er nødvendig å gjennomføre kulturminneregistreringar langs Litlevatnet i og med at vatnet skal demmast opp.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi kontaktar fylkeskommunen for nødvendig registrering av kulturminne i vårt prosjektområde.

1.3 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Dato: 21.06.2013, referanse: 2013/1467 - 561

Fylkesmanne gjer innleiingsvis ei samla vurdering. Han etterspør betre deponiplanlegging, det kjem ofte konfliktfylte deponisøknader i etterkant av at konsesjonen er gitt. Alle vassdrag og område det er omsøkt utbygging i er vurdert ut i frå ei samla belastning. I Norddalsvassdraget vert det kommentert at fleire av dei konsesjonssøkte prosjekta ligg i eit villmarksprega område med lite synlege inngrep. Konkret på dette prosjektet har Fylkesmannen desse fråsegna:

Litlevatnet kraftverk:

- Fylkesmannen skriv at det må etablerast omlaupsventil for å hindre plutslege dropp i vassføringa nedstraums kraftverket (anadrom sone).

Kommentar frå utbyggjar:

Det er planlagt omlaupsventil ved stasjonen. Vi går for ein ventil med kapasitet på 50 % av middelvassføring. Det vil her seie 2,7 m³/s. I tillegg vil settefiskanlegget være avhengig av eit sikkert vassuttak på 0,7 m³/s. Vi vil då ha eit omlaupsarrangement med kapasitet på inntil 3,4m³/s.

- Fylkesmannen kommenterer vidare at reguleringa vil redusere produksjonspotensialet for anadrom fisk i elva, og at dette kan utløysast dersom det kunstige vandringshinderet vert fjerna.

Kommentar frå utbyggjar:

I og med at det skal byggjast omlaupsventil forbi stasjonen og ein dermed unngår plutslege fall i vassføringa i anadrom sone kan vi ikkje sjå at kraftverket på nokon måte vil redusere produksjonspotensialet i elva samanlikna med dagens situasjon. Det er viktig å presisere at det er settefiskanlegget som har bygd dette hinderet ut frå deira omsyn, då med skjerma basseng for deira vassinntak. Eventuelt krav om fjerning av dette hinderet vil gje store utfordringar for settefiskanlegget.

- Ifølge miljøutgreiinga er det ikkje kjent at det finst ål i vassdraget, og det er lite truleg at Litlevatnet er levestad for arten. Men det går ikkje fram kva som er gjort av kartlegging. Fylkesmannen meiner dermed at det ikkje er grunnlag for å vurdere om eventuelle konsekvensar for ål er utgreidd i tråd med naturmangfaldlova § 8.

Kommentar frå utbyggjar:

Vurderinga er gjort basert på samtale med Arild Norddal, grunneigar og kjentmann, samt ei fagleg vurdering ut frå andre kjente registreringar i området. Dette gir grunnlag for konklusjonen i miljøutgreiinga.

Vi viser også til naturmangfaldlova § 8: «*Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*» Det er ikkje vanleg i småkraftsaker at ein utgreier dette grundigare enn det er gjort her.

- Fylkesmannen skriv at referanseverdiane ved utrekning av minstevassføring må baserast på 5-persentilar frå før vassdraget vart regulert.

Kommentar frå utbyggjar:

Søknaden og foreslått minstevassføring er basert på vassføringsregimet som har eksistert i vassdraget dei siste 40 åra. Den følgjer også gjeldande praksis ved småkraft-utbyggingar i regulerte vassdrag. Vi har målingar av vassføringa to stader i vassdraget, i Litlevatnet og Hestedalsvatnet. Resultatet av desse målingane vil gje betre grunnlag for utrekning av minstevassføring.

- Alternativ B er aktuell om ein flyttar stasjonen opp til naturleg vandringshinder for anadrom fisk. Det vert vist til liten sjøaurebestand og at elva produserer noko laks.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi har tidlegare kommentert vårt syn på vandringshinderet for anadrom fisk. Det kunstige vandringshinderet vart etablert av Firda Settefisk AS for å kunne ta inn vatn i elva over anadrom sone. I og med at denne reguleringa av Litlevatnet ikkje påverkar eksisterande anadrom sone kan vi heller ikkje sjå nokon grunn til å flytte kraftstasjon opp til tidligare naturleg vandringshinder for anadrom fisk.

Ved eventuell fjerning av kunstig vandringshinder for anadrom fisk ynskjer vi å vurdere vår plassering av stasjon ned mot fylkesvegen. Ut frå undersøkingar som vart gjort i samband med Pollen kraftverk konkluderer dei med at laks i vassdraget mest sannsynleg kun er oppdrettlaks, villaksbestanden er svært liten eller heilt borte.

Vi ser på verdien av produsert laks og sjøaure i vassdraget som liten, vi vil her påpeike at verdien av eventuell kraftproduksjon er mykje større. Når ein då kan leggje til rette for verdiskaping på begge arenaer (som her) så er det det beste.

1.4 Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Ingen dato.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane påpeiker i si uttale til alle dei 10 konsesjonssøknadane i Flora kommune at det må gjerast betre miljøundersøkingar før det vert vurdert gitt løyve.

Kommentar frå utbyggjar:

Ut ifrå gjeldande standardar på miljøundersøkingar knytt til bygging av småkraftverk kan vi ikkje sjå at våre søknadar i Norddalsvassdraget har vesentlege manglar.

1.5 Sogn og Fjordane Turlag

Dato: 27.06.2013

- Turlaget er ueinige i at ei kraftutbygging vil vere med å oppretthalde lokal busetjing gjennom inntekter til grunneigarane. Dei understreker at det her er snakk om varige verdiar.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi viser til uttale frå Norddalsfjord Bondelag. Dei skriv at «..(ei utbygging) vil styrke næringsgrunnlaget for grunneigarane». I tillegg vil det gje årlege inntekter til kommunen.

- Under punkt 2.2.4. skriv Turlaget at i og med at det skal byggjast ein dam som er 2 meter høg verkar det som om utbyggaren planlegg ei reguleringshøgde som er mykje større enn 1 meter.

Kommentar frå utbyggjar:

Damhøgda her er oppgjeve med muleg total høgde, ikkje berre høgde over vatn. Dam må stå på fjell, og dermed vil damhøgda være avhengig kor ein finn fjell i utløpet.

Om NVE gjev konsesjon på bygging av Litjevatnet kraftverk så vil SFE Produksjon AS byggje tersklar ut ifrå dei vilkåra som ligg i konsesjonen. Endeleg reguleringsgrense vil baserast på vasstandsmålingar i samråd med NVE.

- Turlaget foreslår under punkt 2.2.3. å redusere reguleringshøgda frå 1 meter til 50-70 cm på grunn av fare for erosjon og oversvømming av beiteland.

Kommentar frå utbyggjar:

Sidan vi ikkje endrar nedre eller øvre vasstand, og at variasjonane ut frå vår erfaring vert dempa, kan vi ikkje sjå at dette vil medføre noko større fare for erosjon enn det vi har i dag.

- Turlaget ynskjer ikkje at tilkomsten til friluftsområdet vert stengt i lengre periodar.

Kommentar frå utbyggjar:

SFE vil i ein eventuell anleggsfase leggje til rette for oppretthaldd bruk av område så godt som det let seg gjere.

- Turlaget kommenterer også at det ikkje er planlagt omlaupsventil i kraftstasjonen. Det vert også kommentert at ein må gje anadrom fisk tilgang over anadrom sperre med ei laksetrapp om ein ikkje skal ha omlaupsventil.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi viser til vår kommentar i kapittel 1.3

1.6 Flora Turlag

Dato: 02.06.2013

Kommenterer ikkje Hestedalsvatnet kraftverk, berre dei andre søknadane i vassdraget.

1.7 SFE Nett AS

Dato: 14.06.2013, referanse: 119018-1-1

I SFE Nett AS si høyringsfråsegn, er dei konsesjonssøkte kraftverka i Norddal vurdert i ei gruppe ut frå naturleg tilknytning til nettet vidare. Frå det aktuelle området ved Norddal, må det byggast ny 22 kV linje fram til Grov. Vidare tilkopling til sentralnettet, kan først skje ved utgangen av 2015, når prosjektet Sogndal-Ørskog er ferdig.

Kommentar frå utbyggjar:

Etter at konsesjonssøknad for Myrbærdalen kraftverker er trekt, er det fortsatt tre kraftverk i den aktuelle gruppa. På grunn av sprengt kapasitet på dagens nett mellom Norddal og Grov, må vi rekne med eit anleggsbidrag på 15,3 Mkr (jfr. vedlegg i konsesjonssøknad) om det blir 1, 2 eller 3 kraftverk i område. Ut frå ei samla økonomisk vurdering, er det derfor viktig å ha størst muleg produksjon å fordele desse kostnadane på.

1.8 Norddalsfjord Bondelag

Ingen dato.

Norddalsfjord Bondelag stiller seg positive til søknadane knytt til deira grunn. Det påpeiker at det forutset at utbyggjar og grunneigarar kjem fram til avtaler som kan godtakast av begge partar, og dei ynskjer bidrag til finansiering av veglys i bygda i samband med ei eventuell utbygging. Dei kommenterer også at prosjektet slik dei føreligg i dag er betre enn den tidlegare omsøkte Pollenutbygginga.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi ynskjer fortsatt positiv prosess med bondelaget og grunneigarar for å få til næringsutvikling i bygda, samt skape grunnlag for kraftverksdrift.

Omfanget av medverknad må stå i forhold til storleiken og verdiskaping av kraftproduksjonen.

I tillegg har vi i ettertid motteke uttale frå Oskar Solstrand m/fl. Brevet er positivt i retning utbygging.

1.9 Statens Vegvesen Region Vest

Dato: 02.04.2013, referanse: 2013/035560-002

Gjer merksam på gjeldande krav om søknad dersom byggverk blir plassert innanfor byggegrense langs offentlig veg, eller kryssing av veg med røyr eller kablar.

